

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg                                     | Type | Dato       |
|--------|--|------|------------|
| 011/23 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 04.05.2023 |

| Sakshandsamar | Arkiv  | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore   | FE-033 | 23/537     |

## Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 011/23

#### **RMNF - behandling:**

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd, orienterte om arbeidet med eit nytt Helse- og velferdstun. Kommunestyret har bestilt ei utgreiing for eit slikt helse- og velferdstun, med bakgrunn i at det er høge kostnader om ein skal ta vedlikehald og opprusting av dagens sjukeheim, Nordliheimen.

Det er vedteke at det skal etablerast ei prosjektgruppe (administrasjonen, fagpersonar, evt. ekstern hjelp) og ei politisk styringsgruppe, og prosjektmandatet er klart. Det er sett av 1 million kroner til dette arbeidet i 2023-budsjettet. Arbeidet skal følgja kommunen sitt prosjektreglement, og starta med behovsvurdering og kva bygget skal innehalda.

Har ikkje laga noko estimat på kostnader, og heller ikkje på tida fram til ein må ta avgjerd på om det skal byggast eller ikkje. Viktig at også råda får gje si meining her, men det er ikkje klart noko meir enno.

Hege Ramsland tok ordet på vegner av Fønnes Bygdelag, og spurte om kommunen kan vera behjelpelig til å setta opp gjerde langst stien mellom Vardetangen og Årvikane. Det er eit stykke av stien i nærleiken av Vardetangen, der det er eit bratt stykke som treng gjerde.

Anne Hildegunn Færøy, kommunalsjef helse og velferd, orienterte om status for Aufera køyringa. Det er gjort eit politisk vedtak om at ei arbeidsgruppe skal sjå på koeis ein kan løyse utfordringa. Arbeidsgruppa består av kommunalsjef Anne Hildeunn Færøy, Odd Øksnes (RMNF), Elsa Skare (NFU), Inger Lise Nordanger (tilsett i Arbeid og Inkludering) og verneombod Anita Kommedal. Arbeidsgruppa sjå på ulike tenelege løysingar og legge fram forslag til politisk handsaming.

**RMNF - vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

**Saksopplysninger:**